

---

Saksnr: 2020/72622-3  
Saksbehandler Bente Utne  
Dato: 09.10.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Status - prosjektet gang- og sykkelveg fv. 60 Loen - Solvik

Fylkesrådmannen viser til vedtak i hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) den 15.01.2020:

#### **Vedtak om utsetjing**

1. Søknaden frå Stryn kommune om forskottering av gang- og sykkelveg langs fv. 60 Loen - Solvik/Rake vert utsett til prinsipsak er behandla.
2. Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei prinsipsak i høve forskottering på fylkesveg innan 03.06.20.

Fylkestinget handsama prinsipsak i juni 2020 med følgjande vedtak i sak PS 62/2020:

#### **Vedtak**

1. Fylkestinget legg følgjande prinsipp til grunn for prioriteringar av fylkesvegtiltak: Behov/forslag til nye tiltak på fylkesveg vert handsama gjennom dei ordinære prosessane i Vestland fylkeskommune:

- Gjennom RTP-prosessen
- Ordinære budsjettprosessar til fylkesvegprosjekt med utgangspunkt i gjeldande prioriteringsskriterium og økonomiske rammer.
- Administrativt forslag vert lagt fram for finansutvalet gjennom budsjettprosessen.
- Ulike spleiselas/eksterne midlar vil redusera den fylkeskommunale løyvinga, og slike prosjekt har såleis større sjanse for å bli prioritert.

2. For prioriterte prosjekt med realisering fleire år fram i tid, med godkjent reguleringsplan kan forskotteringssøknad vurderast.

3. Rekkjefølgjekrav for privat utbyggjar som gjeld tiltak på fylkesveg, er i utgangspunktet eit krav som utbyggjar må oppfylla utan fylkeskommunal løyving. Når det er utbygginga som genererer behov for oppgradering av fylkesvegen bør dette vera gjeldande.

Etter dette har det vore dialog mellom Stryn kommune og Vestland fylkeskommune, der ein foreslår eit kostnadsdelingsprinsipp for tiltaket der kvar part skal dekka 50%.

Den 28.08.2020 vart det gjennomført eit møte mellom Stryn kommune og Vestland fylkeskommune der temaet var gjennomgang av aktuelle tiltak/prosjekt langs fv. 60. Gang- og sykkelveg Loen - Solvik var eit av prosjekta som vart drøfta. Fylkeskommunen orienterte der om at prosjektet ligg inne i tilrådinga frå fylkesrådmannen, og at det blir føreslått eit spleislag (50/50) mellom Vestland fylkeskommune og kommunen om bygging av gang- og sykkelveg Loen - nyt kryss Solvik. Administrasjonen i Stryn kommune legg fram sak til kommunestyret i Stryn om eit spleislag der kommunen og fylkeskommunen betalar kvar sin halvdel.

I tilrådinga frå fylkesadministrasjonen (fylkesdirektør for Infrastruktur og veg) og til politisk nivå i samband med budsjettprosessen er det spelt inn følgjande:

«Det vert prioritert å setje av følgjande løyvingar til nye prosjekt i 2021:  
fv. 60 Loen-Solvik: Det er sett av 12 mill. kr i 2021 og 24 mill. kr i 2022. Prosjektet har eit førebels anslag på totalkostnad på 36 mill. kr. Det er føresett at Stryn kommune dekkjer halvparten av samla prosjektkostnad. Løyvinga tek etterhald om at det blir inngått ei finansieringsavtale med kommunen.»

Kommunestyret i Stryn gjorde følgjande vedtak den 24.09.2020:

**KS- 108/20 Vedtak:**

Stryn kommune inngår avtale med Vestland fylkeskommune om deling av kostnadar 50/50 med bygging av ny gang- og sykkelveg Loen - nyt kryss Solvik. Finansiering vert å ta stilling til etter nærmare dialog med fylkeskommunen og innarbeidast i budsjett og økonomiplanen for 2021 - 2024.

Det ligg føre godkjent reguleringsplan for tiltaket.

I brev til Vestland fylkeskommune av 28.09.2020 har Stryn kommune trekt søknaden om forskottering.

Avdeling for infrastruktur og veg arbeider no vidare med planlegging av prosjektet, og utarbeider utkast til gjennomføringsavtale og finansieringsavtale med kommunen. Såframt Vestland fylkeskommune godkjenner denne delen av budsjettframlegget i desember 2020 og prosjektet held seg innanfor kostnadsramma, vil avtalane bli inngått og prosjektering kan starta opp.